

**miljøpartiet
dei grøne**

sveio

PROGRAM 2019-2023

INNHALD

EIT GRØNARE SVEIO	2
KVIFOR DEI GRØNE NÅ?	2
1. LIVSKVALITET I LOKALSAMFUNNET	3
1.1 DEMOKRATI OG SAMFUNN	3
1.2 AREAL OG PLAN	4
1.3 ENERGI OG KLIMA	4
2. SAMFERDSLE	5
3. GRØN MARKNAD	6
3.1 ØKONOMI	6
3.2 NÆRINGS LIV	6
3.3 BÆREKRAFTIG LANDBRUK	7
3.4 BÆREKRAFTIG FISKERI OG HAVBRUK	8
4. NATUR OG MILJØ	8
4.1 NATURVERN	9
4.2 ARTSVERN OG DYREVELFERD	9
5. OPPVEKST OG KULTUR	10
5.1 OPPVEKST	10
5.1.1 BARNEHAGE	11
5.1.2 SKULE	11
5.2 KULTUR	12
5.3 IDRETT OG FRILUFTSLIV	13
5.4 KULTURMINNEVERN	14
6. HELSE OG OMSORG	14
6.1 SOSIALPOLITIKK OG INTEGRERING	15

EIT GRØNARE SVEIO

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio set samspelet mellom menneske, natur og biologisk mangfald i sentrum for politikken. Korleis skal kommunegrensa sjå ut i framtida? Korleis vil miljøomsyn vektast opp mot nye kommersielle interesser og framtidsetta næringsutvikling? Korleis gjer me Sveio grønare samstundes som me tek omsyn til dyr og natur?

Vi vil ha ei bygd som bevarer landbruk og grønne område, som tek vare på og utviklar lokalsamfunnet og det lokale næringslivet. Vi vil ha ein open, rettferdig og inkluderande kommune som er ein god plass å jobbe og bu gjennom heile livsløpet. Vi vil ha ein klimasmart kommune som fokuserer på livskvalitet, tryggleik, møteplasser både for barn, ungdom, vaksne og eldre, og me ynskjer å støtte opp under lokale arbeidsplassar.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil løfta bygdene vår vidare i ein god og bærekraftig kommune, og ta vare på dei særskilde kvalitetane me har i Sveio. Det inkluderer frodig natur og kulturrikdom, og lokal verdiskaping.

KVIFOR DEI GRØNE NÅ?

Dei Grøne vil skape eit samfunn der vi har gode liv utan at vi øydelegg for andre. Noreg står ved eit vegskilje, der langsiktig tryggleik, friheit og velferd for alle står på spel. Vi er nøydd til å ta et oppgjær med måla om å heile tida produsere meir for å kjøpe og så kaste meir. Dei Grøne seier nei til den rådande politikken der fokuset på vekst går ut over menneske og miljø.

Dei Grøne vil ha eit Noreg der unge ikkje blir sjuke av prestasjonsjag og kjøpepress. Vi vil ha levande lokalsamfunn der færre er ensame og vi har meir tid til vener og familie. Ungane skal kunne leike trygt ute og sykle til skolen i frisk luft. Vi skal framleis kunne gå tur i gammal skog og fiske i fjorden. Dyra i havet skal ikkje kvelast av plast. Vi vil skape eit Noreg som kjempar mot klimaendringar, som bidreg til at færre blir drivne på flukt og sikrar gode liv også for dei som kjem etter oss.

Det skal være enklast og billigast å velje miljøvenleg, uansett kvar du bur. Vi lovar å støtte alle folka med idear og pågangsmot til å skape nye grønne arbeidsplassar. Vi vil gje byen og bygdane tilbake til menneska, slik vi gjer i Oslo og andre stader der Dei Grøne er med å bestemme.

Miljøpartiet De Grønnes mål er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal underordnast sunne økologiske prinsipp og fremme fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar er ei føresetnad for å nå målet.

1. LIVSKVALITET I LOKALSAMFUNNET

Miljøpartiet Dei Grønne vil skape eit samfunn der vi har gode liv utan at vi øydelegg for andre. Ved å styrke levande lokalsamfunn i Sveio, og gje gode moglegheiter for medvirknad, gjer vi Sveio tryggare, venlegare og meir inkluderande.

Miljøpartiet Dei Grønne meiner at det skal vere mogleg å leve godt og miljøvenleg som innbyggjar i Sveio, og at lokalsamfunnet vårt må organiserast og planleggast slik at det blir ein viktig del av løysinga på miljøproblema. Vi går til val på eit politisk program som peikar ut ei økologisk bærekraftig og framtidretta samfunnsutvikling for Sveio. MDG har fokus på livskvalitet for alle, framfor stadig aukande forbruk. Me ynskjer at Sveio skal vise i praksis at eit bærekraftig samfunn er ein positiv veg - til beste for alle.

Miljøpartiet Dei Grønne i Sveio vil:

- At innbyggjarar må kome før utbyggjarar.
- Verne strandsona og unngå dispensasjonar.
- Arbeide for meir direkte kontakt mellom innbyggjarar og beslutningstakar gjennom debatt og diskusjonsarenaer.
- At kommunen tar rolla si som Miljøfyrtårn-kommune på alvor, og jobbe for at alle einingane i kommunen blir Miljøfyrtårn-sertifisert.
- At kommunen blir ein Fair Trade-kommune og medlem av Initiativ for etisk handel.
- Arbeide for ein kommune med ein økologisk og bærekraftig profil.
- At kommunen lar klimaplanen ligge til grunn ved nyinvesteringar og oppgraderingar av kommunale bygg.
- Føresetje at den eventuelt komande Vikingparken har ein grøn profil.

1.1 DEMOKRATI OG SAMFUNN

I eit bærekraftig og solidarisk samfunn er kommunen først og fremst til for innbyggjarane. Kommunen sine tenester må difor vere lett tilgjengelege. Kommunikasjonen må vere open og tydeleg i alle ledd. Miljøpartiet Dei Grønne i Sveio vil ha ein gjennomsiiktig politisk arena for å sikre at lokaldemokratiet vert tilfredsstillande ivaretatt. Miljøpartiet Dei Grønne i Sveio vil auke innbyggjarane sin innverknad gjennom fleire folkemøte og større openheit i politiske prosessar. Planar som skal ut på høyring må presenterast for almogen i kortfatta og lett forstålege samandrag for å unngå misforståing og politisk tåkeleggjing. Vi vil óg bruke kommunen sine ressursar til å styrke miljøvern i brei forstand. Miljøpartiet dei Grønne ønskjer at viktig infrastruktur skal vere under offentleg kontroll.

Miljøpartiet dei Grønne i Sveio vil:

- Auke stønad til frivillige organisasjonar.
- Erstatte ufrivillig deltid i kommunal sektor med tilbod om heiltid.
- Ha forsøk med sekstimarsdag i kommunen.
- Arbeide for mangfald ved tilsetjingar.
- Ikkje inngå avtalar med leverandørar som nekter tariffavtale med sine ansatte.

1.2 AREAL OG PLAN

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio ønskjer at Sveio kommune skal opplevast som attraktiv og levande for innbyggjarane. Det vil mellom anna seie at det må planleggjast for klima og miljøvenlege løysingar der vi også tek høgde for klimautfordringane vi allereie veit vil påvirke oss. I plan og utviklingsarbeid må det liggje føre overordna klima, energi- og miljøhandlingsplanar for utslepp, energibruk, avfall, artsmangfald og liknande, som sjølvstendige og integrerte delplanar. Det må også liggje til grunn heilskapelege og gjennomførbare planar for utarbeiding av infrastruktur før utbyggingsprosjekt vert sette i gong. Døme på dette er skule og barnehageplassar, gang og sykkelveg, handlefasilitetar, kollektivtransport, avfallshandtering med meir. Auke i folketal bør i hovudsak skje gjennom fortetting, med omsyn til kor det blir minst transportbehov, der infrastruktur som skule og liknande allereie er på plass. Det må vere ein hovudregel å unngå vidare inngrep i natur og topografi, men i staden tilretteleggje for framtidig utbygging i samband med planlagt og eksisterande utbygging.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- Prioritere gang og sykkelstier i alle ledd i planlegginga, i tråd med klimaplanen.
- Verne all matjord, friområde og truga dyrearter.
- Krevje at utbyggingsprosjekt skal bindast til rekkefølgekrav.
- Unngå sal av kommunale tomter og bygg som kan få framtidig økonomisk, historisk eller kulturell verdi.

1.3 ENERGI OG KLIMA

Miljøpartiet Dei Grøne vil gje Noreg ei fornybar framtid. Bruk av olje, gass og kol står i dag for hovuddelen av dei menneskeskapte klimaendringane, og kan ikkje danne grunnlaget for ein berekraftig økonomi. Ved å satse på ENØK og fornybare energikjelder, vil MDG gje "oljeeventyret" ein lukkeleg slutt. Energipolitikken må sjåast i samheng med forbruket generelt, og utformast slik at den ikkje rammar sosialt skeivt. I tillegg må kollektivtransporten styrkast betrakteleg. Miljøpartiet Dei Grøne vil gjere det lettare for deg å velje miljøvenleg, og då må det vere på plass eit kollektivtransporttilbod som er konkurransedyktig med privatbilisme på effektivitet og pris.

I tillegg vil Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio arbeide for innføring av ei årleg evaluering av den kommunale klimaplanen for Sveio kommune. Den kommunale klimaplanen viser kor kommunen sine utslepp kjem i frå, og korleis ein kan jobbe for å redusere desse.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil oppmuntre til nytenking og innovasjon når det gjeld økologiske byggeteknikkar, klimavenlege bygg med redusert energibruk og bumiljø som legg til rette for eit miljøvenleg kvardagsliv. Montering av solceller, solfangarar, biobrensel eller varmepumpeløysingar på andre bygg i kommunal eige bør og vurderast.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil også at det skal leggjast fram realistiske planar for vedlikehald for kommunale bygg. Kommunen må kunne garantere godt inn klima og godt vedlikehald i alle sine bygg. Utbetringar skal gjennomførast der det er naudsynt,

ikkje etter at forfallet er eit faktum.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- At kommunen tar sin klimaplan og årleg informasjon om denne på alvor slik at ein stor andel av alle planlagte kommunale byggeprosjekt, både nybygg og rehabilitering, skal oppnå "nesten nullenerginivå".
- Stille strenge krav for utbygging av nye område, med omsyn til tilpassing til landskap, eksisterande bebyggelse og lokale verforhold.
- Setje som mål at alle kommunale einingar som rådhus, skular, barnehagar m.m. vert miljøsertifisert.
- Setje krav til fornybar oppvarming i bygg kommunen leiger.
- Utvikle energispareplan for alle kommunale bygg.
- Integrere miljø, og klimaspørsmål i HMS-arbeid, og følgje opp med kompetanseheving av HMS-personell/verneombod.

2. SAMFERDSLE

Omlag ein femtedel av Noregs totale klimagassutslipp kjem frå trafikksektoren, men samferdselspolitikken i dag er prega av å kun leggje til rette for privatbilisme. Ungane skal kunne leike trygt ute og sykle til skolen i frisk luft. Miljøpartiet Dei Grøne vil i større grad prioritere myke trafikantar, syklistar og kollektivreisande, slik at vi får ein sosial, effektiv og sunn måte å handtere reisande på. Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil arbeida aktivt saman med fylkestingrepresentantane sine for å få utbetra fylkes- og riksvegar i kommunen.

Miljøpartiet De Grønne vil:

- Ha ei kraftig utbygging av kollektivtrafikken, slik at offentlig transport blir eit attraktivt og reelt alternativ til bil.
- Stille krav om utslippsfrie kjøretøy i offentlege kontrakter og anbod.
- Arbeide for sykkel- og gangstiar i heile Sveio. Det er behov for samanhengande sykkelstiar langs E 39 og F 47, og inn til alle skular og samfunnshus. Ved utbygging i nye område må det vere krav om tilrettelegging for syklistar og fotgjengarar heilt frå starten.
- At inntekter frå lokale bompengeprojekt i større grad skal brukast til sykkelstiar og styrke kollektivtilbod, heller enn nye vegar.
- Leggje til rette for fleire ladepunkt.
- At det blir gratis å ta med sykkel på alle bussar i vårt distrikt.
- Legge til rette for sikker og overbygd sykkelparkering ved kommunale bygg.
- At alle nye kommunale tenestebilar er elektriske i den grad det er mogeleg.
- Arbeide for at planene om ny E39 skrinleggjast, og at pengane i staden brukast til trafikkisikring og utbetring av eksisterande veg.
- At en eventuell ny E39 skal leggje beslag på minst mulig areal, og leggjast i tunnel under dei områda som er av verdi for friluftsliv eller landbruk.
- At kommunen selger seg ut av Hordfast AS, og blir medlem av Lyntogforum

Vestlandsbanen.

3. GRØN MARKNAD

Miljøpartiet Dei Grøne lovar å støtte dei som har idear og pågangsmot til å skape nye grønne arbeidsplassar. Næringslivet er ein av dei viktigaste motorane som driv utviklinga framover. Dei Grøne vil at offentleg og privat sektor begge skal vere pådrivarar for nye miljøvennlege løysingar.

Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer å leggje til rette for berekraftige og miljøvenlege arbeidsplassar i nærmiljøet. Vi ønskjer levande marknader med kortreist mat og lokale tenester, levedyktig landbruk og havbruk, og fokus på framtidsretta løysingar.

Ein grøn økonomi føreset ei grunnleggjande haldningsendring innan økonomi og politikk. Dei ytre rammene må fastsetjast politisk, basert på vitskaplege råd om bereevna til økosystema, saman med føre var-prinsippet. Vi må organisere økonomien og velje teknologiar slik at vi oppnår betre, tryggare og enklare liv.

3.1 ØKONOMI

Minst to tredelar av dei fossile energireserver må bli liggjande under bakken i følgje FNs klimapanel. Norsk økonomi er svært oljeavhengig, og det er difor naudsynt med ei kontrollert nedbygging av oljeindustrien. Me må stille miljøkrav i innkjøp og la miljøvektast høgt. Gjennom å skape etterspurnad etter for eksempel energieffektive produkt, økologisk mat og frakt av varer med fornybart drivstoff kan me sikre at utvalet blir større og at leverandørane som har satsa miljøvenleg kan halde fram med det.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- Plassere kommunen sine investeringar i grønne fond, fornybar teknologi, og grønt næringsliv, og tilsvarende trekke kommunale driftsmidlar og investeringar ut av bankar, fond og forsikring som er involvert i fossil verksemd, spekulativ finansverksemd eller uetisk verksemd.
- Avgrense framtidige offentleg låneopptak, då dette både stimulerer forbruk og legg større byrder på framtidige generasjonar.
- Gjenopprette stilling for miljøvernleiar i kommunen som mellom anna skal ha ansvar for å følgje opp energi og klimaplanen, og arbeide for integrering av miljøhensyn i alle sektorane.

3.2 NÆRINGS LIV

I ein grøn kvardag skal kommunen fungere som rådgjevar, føregangsmoell og pådrivar for å påverke befolkninga og lokalt næringsliv i endra forbruk og åtferd. Kommunen kan og bidra til å skape marknader for grønne produkt og etableringshøve for grønt næringsliv. Kommunen bør bidra med oppfølging og teknologiutvikling for bedrifter med store utslepp. Lokalt næringsliv må få informasjon om statlege støtteordningar for miljøteknologi.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil støtte lokal næring som ønskjer å leggje til rette for sal av nærmat og kultur, og arbeide for at kommunen aktivt medverkar ved innkjøp frå og marknadsføring av lokale bedrifter.

Miljøpartiet dei Grøne i Sveio vil:

- Arbeide aktivt mot arbeidslekkasje og pendling ved å leggje til rette for lokale arbeidsplassar.
- Regionale innkjøpsavtaler skal ikkje vere til hinder for bruk av lokale leverandørar og kjøp av lokale og miljøvenlege produkt.
- Gjere det attraktivt for bedrifter med lokalt eigarskap å etablere seg i Sveio.
- Støtte opp om eksisterande bedrifter ved å lytte til behova til næringa.
- Leggje til rette for salplassar for kortreist mat og produkt, der lokale produsentar kan få selje sine produkt og dele av si erfaring.
- Stimulere unge til å tenke etablering og entreprenørskap ved å for eksempel delta i prosjekt som "Ungt Entreprenørskap".
- Ta si rolle som Miljøfyrtårnkommune på alvor, og bruke næringsnettverk til å spre informasjon om Miljøfyrtårnordninga.

3.3 BÆREKRAFTIG LANDBRUK

Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeide for å gjenreise eit bærekraftig landbruk og havbruk basert på lokale ressursar som tryggjer arbeidsplassar, opprettheld busetjing og sikrar gode norske matvarer til norske forbrukarar. Den reelle sjølvforsyninga i Noreg er synkande. Det har blitt stadig vanskelegare for bøndene å leve av inntektene på garden. Dette har resultert i lågare sysselsetting i landbruket og nedlegging av små- og familiebruk. Miljøpartiet Dei Grøne meiner at bondeyrket framleis er blant dei viktigaste av alle, og at gjennomsnittsbonden må få vesentleg betre inntekt.

Det lokale landbruket må produsere trygg mat med minst mogleg belastning på natur, klima og ressursar. Vi har eit samfunnsansvar for at maten vi et er produsert på ein bærekraftig måte, der ein nyttar dei naturgjevne vilkåra og det lokale ressursgrunnlaget. Det er viktig for oss at Sveio har eit levande landbruk som kan produsere kortreist og trygg mat. Småskalaproduksjon må kunne marknadsførast og omsetjast i den lokale marknaden. Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for at det i Sveio vert betre kontakt mellom bønder og forbrukarar.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- Auke sjølvforsyning og lokal omsetning av poteter, frukt, grønsaker, kjøt og egg i Sveio.
- Ha ein nullvisjon for nedbygging av matjord.
- Stimulere landbruket til å ha vegetasjon mellom jorder og vassdrag, for å hindre avrenning og erosjon, skape korridorar og sikre biologisk mangfald.
- Bevare myrområde og våtmark som ein buffersone mot store nedbørsmengder og flaum.
- Arbeide for systematisk og auka bruk av lokale utmarksbeiteressursar.
- Leggje til rette for meir andelslandbruk, kolonihager, parsell- og skulehagar, samt andre former for matproduksjon i Sveio.

- Jobbe for at dyrka mark i Sveio sentrum blir brukt til produksjon av mat som kan omsetjast lokalt.
- At Sveio kommune skal stimulere til tiltak som kan auka det biologiske mangfaldet, til dømes etablering av blomsterenger og kantvegetasjon og tiltak mot attgroing.

3.4 BÆREKRAFTIG FISKERI OG HAVBRUK

Havområda, fjorden og elvane rommer enorme naturverdiar og viktige ressursar. Fiskerinæringa er ein arbeidsplass og kulturberar som kan leggje grunnlaget for berekraftig næringsverksemd og matproduksjon i framtida. Det er ei utfordring at me ikkje har høve til å kjøpe fersk fisk lokalt. Miljøpartiet Dei Grøne vil leggje til rette for opning av fiskemarknad der fersk fisk kan seljast lokalt.

I dag tillet myndigheitene stadig vekst i oppdrettsnæringa utan å stille tydelege miljøkrav. Dette påfører samfunnet store tap i form av ureining av fjorder, vassdrag og økosystem, og er ein kritisk trussel mot sjørrret og villaks. Miljøpartiet dei Grøne vil jobbe for å gjere dagens ureinande oppdrettsnæring til ei rein framtidsnæring ved å utvikle lukka anlegg som reduserer problem ved rømming, lakselus og organiske utslepp. Dersom produksjonen i næringa skal oppretthaldast må også fôrråvarene som vert nytta vere bærekraftige. Vi vil difor jobbe for ei oppdrettsnæring som ikkje bidreg til overfiske, og vi vil minimere bruken av menneskemat til dyrefôr i sjøbruket. Opne anlegg gjer enorm skade på økosystemet i havet. I Sveio har vi også opplevd utfordringar med rømd oppdrettslaks. Det er ein større risiko enn vi er villige til å ta.

Miljøpartiet dei Grøne i Sveio vil:

- Oppfordre til lokal satsing på utnytting av alger og annan vegetabilsk sjømat.
- At det ikkje blir gitt konsesjon på fleire lokalitetar før miljøutfordringane for oppdrettsnæringa er løyst.
- Nye konsesjoner og utviding innan havbruk skal føresetje at anlegga er lukka.
- At havbruket må skatte lokalt, og arbeide for ei arealavgift eller lignande (og tilsvarende for alle næringar og tiltak som nyttar natur og fellesgoder) slik at bruk av natur og ressursar kostar. Slik som konsesjonavgifta for vasskraft.
- Leggje til rette for fisketorgdag med sal av fisk direkte frå lokale fiskarar.

4. NATUR OG MILJØ

Bevaring av naturen er viktig for naturoppleving, friluftsliv, og for det biologiske mangfaldet. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor føre ein politikk som ikkje berre beskyttar dagens naturverdiar, men som også atterskapar opphavlege naturverdiar og økosystem som har blitt øydelagt. Vi vil skape eit Noreg som kjemper mot klimaendringar, som bidreg til at færre blir drivne på flukt og sikrar gode liv også for dei som kjem etter oss. Klimaendringane gjer at vi må tenke nytt og smart, slik at vi kan gjere samfunnet robust mot kraftigare og hyppigare nedbør.

Miljøpartiet dei Grøne har som utgangspunkt at menneska ikkje er heva over naturen, men er ein del av den. Vi har eit moralsk ansvar for å ta vare på naturen, og vår eksistens er avhengig av vårt samspel med omgjevnadene våre. Den menneskeskapte kulturen er også ein del av våre omgjevnader, og spelar ei fundamental rolle i livskvaliteten og identiteten vår. Det er difor viktig at vi dyrkar og ivaretek eit mangfaldig kulturliv, som også vert bevart for framtidige generasjonar.

4.1 NATURVERN

Heile eksistensen vår er avhengig av naturen. Vi i Miljøpartiet dei Grøne meiner at naturen har eigenverdi utover nytteverdien for menneske, og at det er eit mål i seg sjølv å bevare mest mogleg urørt natur til framtidige generasjonar. Naturvernet er viktig for å verne ulike naturtypar, artsmangfald og av klimaomsyn. Vi skal ha som mål å kontinuerleg redusere det økologiske fotavtrykket vårt.

Mennesket sine aktivitetar utryddar no plante, fiske- og dyrearter i eit stort og aukande omfang. Dette skjer også i Noreg, og Sveio må ta sin del av ansvaret for å snu utviklinga.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio går inn for klare retningslinjer for skogbruk, der plukkhogst og økologisk berekraftig skogbruk er dei gjeldande prinsippa.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- Auke vern av lynghei, skog, våtmark, havbotn og andre artsrike biotopar i tråd med vitenskapelege anbefalingar. 15 % vern av kvar naturtype er eit minstekrav.
- At viktige leveområde for truga artar vert varig verna mot utbygging, til dømes dammar med salamandarar.
- Arbeide for generelt vern av dei eldste skogane.
- Ha ei restriktiv haldning til bygging i strandsonen, og nær elver og vassdrag.
- Ha strenge retningslinjer for å unngå spreiding av miljøgifter, framande arter eller sjukdomsskapande organismar til vann og natur.
- At Sveio kommune opprettar ein eigen stilling for miljøvernleiar.
- Forby planting av sitkagran og andre framande treslag i store bestandar, og redusere utbreiinga av slike bestandar.
- Unngå bruk av plantegifter. Dette gjeld ikkje berre i landbruket, men også i skjøtselen av offentleg eigedom og langs offentlege vegar.
- At eventuelle vindmølleparkar ikkje skal komme i vegen for naturmangfald, dyreliv, friluftsliv og rekreasjon, og det skal tas omsyn til lokalbefolkninga med tanke på lyd- og synsforureining. Dei Grøne vil i staden satse på havvindkraft og opprusting av eksisterande vasskraftverk.

4.2 ARTSVERN OG DYREVELFERD

Miljøpartiet dei Grøne har som utgangspunkt at menneska ikkje står heva over naturen, men er ein del av den. Vern av biologisk mangfald krev vern av leveområder. Det er ein føresetnad at vi menneske klarar å la enkelte av naturområda vere frie for våre inngrep.

Miljøpartiet dei Grøne sin formålsparagraf stadfester at vi ikkje berre skal arbeide for eit

samfunn med solidaritet til andre menneske, men også til dyr. Også norsk lov stadfester dyrs eigenverdi. Alle familiedyr og ville dyr så vel som dyr i landbruket, fiskerinæringa, underholdningsindustrien og forskning skal ha høve til glede og kvile. Det er vårt ansvar å sørge for dyra sine høve til tilgang på naturleg utemiljø og rørsle, samt utfolding av andre artstypiske og individuelle behov. For å sikre artsmangfaldet i kommunen og best mogleg ivareta raudlisteartar bør kommunen få gjennomført kartlegging av viltutbreiing. Dei må inkludere fleire biotopar i Sveio med oppdatert raudlista artar. Levevilkår for raudlisteartar må ha høgare prioriteringsgrad i kommunale planar.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- Sikre vern av område som huser truga artar.
- Utvikle ein konkret kommunal plan for vern av salamanderen, og vedlikehald av salamanderparken i Sveio sentrum.

5. OPPVEKST OG KULTUR

Dei Grøne vil ha levande lokalsamfunn der færre er ensomme og vi har meir tid til venner og familie. Skolen skal gje alle moglegheit til å delta i fellesskapet med livsmestring, læringsglede, kritisk tenking og evne til problemløysing. Politikk for helse, oppvekst og gode lokalsamfunn berører også barnehagepolitikken. Barnehagen skal vere med på å leggje grunnlaget for eit godt liv og livslang læring.

Miljøpartiet De Grønne vil:

- Sikre lokalmiljø der det er trygt å gå og sykle til barnehage, skole og grøntområde.
- Styrke samarbeidet mellom skolehelsetjenesten og helsevesenet for unge.
- Byggje barnehagar med tilgang til varierte uteareal som bidreg til fri leik, natur- og kulturopplevingar.

5.1 OPPVEKST

Barna representerer framtida, og ein god og trygg barndom for alle er ei hovudmålsetjing for Miljøpartiet dei Grøne. Barnet sine behov for tryggleik og kjærleik, samt fråvær av overgrep og forsømming må alltid bli prioritert framfor andre omsyn. Den gode skulen og barnehagen er basert på anerkjenning av barnet som sjølvstendig individ, og skal stimulere til samfunnskritisk tenking med stor vekt på praktiske ferdigheiter og erfaringar. Barna skal oppleve og tileigne seg medmenneskelegheit, toleranse, empati og ikkjevald. Verksemdene i skulen og barnehagen bør i større grad baserast på tillit til pedagogane sine fagkunnskapar og mindre på målstyring og byråkratiske ordningar. Oppvekst må sjåast i eit heilskapleg perspektiv. Miljøpartiet Dei Grøne ønskjer difor å auka midlar til førebyggjande tiltak i barnehage og skule for å unngå utfordringar seinare i utdanningsløpet, også for barn utan diagnosar. Det er også viktig at ungdom som ikkje har fått tilstrekkeleg oppfølging i grunnskuleløpet får hjelp til få gjennomført skulen på ein verdig måte. Miljøpartiet Dei Grøne krev at kommunen skal ha tiltenkte barnehage- og skuleplassar i kvar plan for utbygging, samt ein langsiktig plan for elevkapasitet som sikrar

at skulen har plass til alle elevane når skuleåret byrjar.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- Sikra godt samarbeid mellom helsestasjon, lege, psykolog og PP-tenesta, og arbeide for betrakteleg raskare saksgong i PPT.
- At samarbeidet mellom kommunen, psykiatrien og andre relevante instansar vert styrka.
- At også pårørande til barn med særskilde behov må få tilbod om hjelp. Eigne søskengrupper kan bidra til å førebyggja/lette utfordringar i familiar kor eit søsken slit med helseutfordringar.
- Sikra at kommunen har tiltak for å fanga opp og hjelpe barn der foreldre slit med psykiske problem.
- Sikra at tiltak som er gjort ikkje fell bort på grunn av økonomi.
- At ufaglærte får moglegheit til å ta fagbrev eller relevant høgskuleutdanning.
- At kommunen stiller fleire lærlingplassar til disposisjon.
- Jobbe for at ein større del av av kommunebudsjettet blir brukt inn mot barn og unge, blant anna gjennom styrking av ressurser i barnehage, skule og fritidstilbod.

5.1.1 BARNEHAGE

Barnehagen er ein viktig del av barndommen. Her skal barna få ein kvalitativt god, sunn og trygg kvardag. Kompetente vaksne skal ivareta deira behov for omsorg og leik. Barnehagane er også fullverdige lærings- og dannelsesarenaer saman med skulane, og dei representerer første ledd i utdanningsløpet.

Miljøpartiet Dei Grøne vil at barnehagane skal gje barna eit innblikk i bærekraftig utvikling, viktigheita av naturvern og forståing for kor maten vår kjem frå. Alle barn skal bli sett og få den oppfølginga dei har behov for. Både kommunale og private barnehagar skal halda høg kvalitet, med små barnegrupper, riktig utdanna personell og god bemanning. Det må prioriterast kvalifiserte pedagogar med høg kompetanse, og som norm ikkje gjevast dispensasjonar til stillingar med utdanningskrav. Pedagogar som allereie arbeider i sektoren bør jamleg bli tilbydd kompetanseauke.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- At kommunen må ha minimum to barnehageopptak i året og løpande opptak av eittåringar.
- At barnehagane i kommunen skal utføre kjeldesortering og anna miljøarbeid for barn, og arbeide for miljøsertifisering av barnehagane.
- Etablere ein ny stor kommunal barnehage i Sveio sentrum for å få ein betre balanse mellom kommunale og private barnehageplassar i kommunen.
- Sikre at uteområda i barnehagane i kommunen er store og gode nok, og har godt vedlikeholdte lekeapparar.

5.1.2 SKULE

Skulen skal vere ein plass for nysgjerrigheit og kunnskap der barn og unge skal vekse som samfunnsansvarlege medmenneske. Alle elevar skal lære å utvikle seg ut frå sine eigne føresetnadar og få den støtta dei treng. Miljøpartiet Dei Grøne vil ha ein skule tufta på kvalitet, med mindre grupper og fleire lærarar. Det må leggjast til rette for gode samarbeidsrutinar mellom pedagogar og assistentar. Skulen skal ikkje vera ein kuttpost for trong kommuneøkonomi.

Vi vil begrense rapporteringskrava, senke antall elevar per lærar og sørgje for at det vert lagt til rette for fagleg påfyll og vidareutdanning når det er naudsynt eller ynskjeleg. Lærarane sjølv har størst innsikt i korleis skulekvardagen fungerer best. Deira innspel må ligge til grunn for framtidens skule. Skulekvardagen i grunnskulen skal kunna vurderast i fellesskap mellom skule og heim.

Skulen er ein viktig arena for å fange opp problem på eit tidleg stadium, og for å byggje trivsel og tryggleik seinare i livet. Barn skal lære å vise empati og beskyttast mot mobbing, mishandling, vanskjøting og overgrep, anten det skjer i heimen eller ute. På skulen skal elevane ha tilgong til rådgjevar, psykolog og helseteneste, samt ein studie- og yrkesretteleiar når dei treng det. Det skal vere låg terskel på tilgong til desse tenestane, og alle har eit ansvar for å gripe inn når dei oppdager mobbing. Det skal utarbeidast tilgjengelege mobbeplanar som er bygde på forskning.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- Styrke kreative fag i skulen og sikre at lærarar som ynskjer vidareutdanning i desse faga og skal bli prioritert frå kommunalt hold.
- Behalde skulestrukturen vi har i dag gjennom heile perioden.
- At skulane skal praktisere gjenvinning og energisparing.
- Krevje timeplanfesta samarbeidstid for pedagogar og assistentar til beste for elevane dei skal samarbeide om.
- At symjebassenget skal vere fylt opp heile skuleåret. At symjeopplæringa skal vere lik i mengde for alle elevane i Sveio kommune.
- La skulen vere ein aktiv del av nærmiljøet, til dømes ved bruk av besøksgardar, skolehage, samarbeid med bedrifter, kjennskap til lokale kulturminne og stadsnamn.
- Styrke tidleg innsats på skulane.
- Redusere bruk av ufaglærte vikarlærarar inn i skulen gjennom å tilsetje 5-10% fleire lærarar enn kva ein i utgangspunktet har bruk for. Dersom det ikkje er frávær styrker dei tidleg innsats på dei lågaste trinna.
- Sikre gode og varierte uteområde ved skulane,
- Byggje og utarbeide eit oppdatert, variert og stort uteområde i samband med utbygginga på Sveio skule. Dette skal bli gjort skikkeleg og med kommunen sine midlar, og med tanke på at området kan bli viktig for å aktivisere unge utanom skuletid.
- Opprette ein 50% skulebibliotekarstilling.

5.2 KULTUR

Kunst og kultur er viktig for å skape identitet. Miljøpartiet dei Grøne i Sveio er opptekne av å forvalte profesjonell og amatørkultur, språk, idrett, friluftsliv, matkultur og ulike handverkstradisjonar på ein god måte. MDG ønskjer å vere pådrivarar for å synleggjere og byggje ein felles identitet i Sveio, tufta på verdiane og kunnskapen som alt finst i kommunen vår. MDG vil ivareta og løfte fram dei gode initiativa som kjem frå grasrota. MDG vil sikre gode vekstvilkår for både frivillig og profesjonell kultur.

Kommunen sin kulturkalender må vidareutviklast og vere dekkjande, oppdatert og brukarvenleg, for å synleggjere og tilgjengeleggjere tilboda som finst i kommunen.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- Oppnemne ei kulturnemnd beståande av representantar frå kunstfeltet, politikarar og administrasjon, som rådgjevande organ for løyvingar til det profesjonelle kulturfeltet og utsmykning av offentlege bygg og uterom.
- Sikre at Kulturskulen i Sveio har føreseieleg økonomi og at det ikkje blir lange ventelister. Jobbe for vidareføring og utviding av dei gratistilboda som allereie blir gitt, og som har vore ein suksess.
- Styrke fritidstilbud til barn og unge ved å støtta idrettsklubber, fritidsklubber, kafear, kulturaktivitetar ol. og andre møteplasser basert på ungdommens egne premisser.
- Innføre stønadsordning for rusfrie helgetiltak for kulturtilbod for og av ungdom.
- Etablere eit aktivitetshus for ungdom mellom 16 og 20 år.

5.3 IDRETT OG FRILUFTSLIV

Miljøpartiet dei Grøne anerkjenner naturen sin eigenverdi, og at den er ei svært viktig kjelde til menneskeleg trivsel og opplevingar. Friluftsliv inneber både store og små opplevingar i naturen. Tilgjengelege og godt opparbeidde turstiar sikrar at så mange som mogleg kan ta naturen i bruk. Friluftsliv i seg sjølv har ein påviseleg og positiv påverknad for både fysisk og psykisk helse, og desse er blant dei viktigaste lågterskeltilboda for fysisk aktivitet i kommunen. Gjennom naturopplevingar utviklar mennesket forståing for økologisk tankesett og viktigheita ved naturvern, og vert i stand til å sjå samanhengen mellom menneske og natur. MDG vil støtte tiltak for å tilretteleggje og stimulere til friluftsliv, særleg tiltak retta mot barn. Det er ein reell fare for klima og miljø at barn veks opp utan å bruke eller ha eit forhold til naturen, og difor ikkje har forståing for viktigheita ved naturvern. Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio meiner også at det er svært viktig å verne allemannsretten og vår felles natur.

Den organiserte idretten er viktig for barn og vaksne. Idrettslaga er viktige pilarar i ein kommune, både som utøvar av det idrettsfaglege, men også som ein sosial brobyggjar i kommunen. Det er difor viktig at den organiserte idretten for barn ikkje blir gjenstand for usolidarisk klasseskilje ved for høge avgifter og kostnadar til utstyr. Det er vanlegvis den organiserte idretten som er gjenstand for politisk fokus, men mange fysiske idrettsaktiviteter er også uorganiserte. Miljøpartiet Dei Grøne vil anerkjenne den

uorganiserte idretten som kjelde til fysisk aktivitet og som ein sosial arena.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- Sørgje for ei rettvis fordeling av midlar mellom dei ulike idrettsanlegga.
- Leggje til rette for meir fysisk aktivitet uavhengig av dei store idrettsorganisasjonene, som skateboard, fotball og leik i nærmiljøet, turar i naturen, m.m.
- Kartleggje høve for å gje fleire område vernestatus som friområde.
- Sjå på tiltak som kan stimulere til meir ikkje-organisert idrett, friluftsliv og kulturliv.
- Styrke skuleprogram for trivsel og meistring i samband med friluftsliv.
- Styrke arbeidet med turstiar med kommunale midlar til dei frivillige laga som gjer dette arbeidet.
- Opparbeide eigna stiar for tilgong med barnevogn/rullestol.
- Arbeide for fylkeskommunale initiativ for turvegar, turstiar o.l. på tvers av kommunegrensar.

5.4 KULTURMINNEVERN

Sveio er ein kommune med ei rik historie. Mange gjer eit viktig arbeid med å løfte fram denne historia, til dømes Sveio kystlag og Sveio gullforening. Aktiviteten rundt Fartein Valen-heimen er òg med på å fremje viktig lokal og nasjonal kulturhistorie. Diverre er det svært mykje anna kulturhistorie som ligg urørt og usynleg. Det vert sett av alt for lite ressursar til å kunne ivareta slike uerstattelege verdiar, og mykje er alt borte. I det nasjonale kulturminnevernet har særleg kystkulturen vore forsømt. Ein kystkommune som Sveio har eit særleg ansvar for å ta vare på kulturminne knytt til bruk av kysten. For grunneigarar kan det opplevast belastande både økonomisk og praktisk å ha ansvar for kulturminne. Det er viktig at det offentlege gjev god støtte, både fagleg og økonomisk, til eigarar av verdifulle kulturminne.

Miljøpartiet dei Grøne i Sveio vil:

- Følgje opp tiltak i kulturminneplanen.
- Halde fram med å støtte vern og drift av Valenheimen.
- Innføre lokal tilskotsordning til privat kulturminnevern.
- Arbeide for skilting og merking av fleire turstiar i tilknytning til kulturminne.
- Opprette lokal kulturvernpris.
- Auke ressursane til utvikling av biblioteket si lokalhistoriske avdeling
- Arbeide for ei nyttgjeving av Sveio gards- og ættesoge, og oppstart av arbeid med kultursoge for Sveio.
- Innføre fritak for eigedomsskatt for verna bygningar.

6. HELSE OG OMSORG

Eit trygt og inkluderande samfunn med små økonomiske skilnadar er viktig for god helse. Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil satsa på førebygging og på ei styrking av pleie og omsorgstenestene i kommunen. Vi ønskjer ikkje konkurransetsetjing av tenestene og vil leggje vekt på å sikre høg kompetanse for alle som arbeider i helse- og omsorgssektoren.

God fysisk og psykisk form er viktig både for unge og gamle. Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil leggje til rette for daglig mosjon i form av gange og sykling, og for kontakt med natur og dyr. Ein grøn politikk vil redusere helseskader frå forureining og fremje sunn mat. Miljøgifter som er lite nedbrytbare kan ha langtidsverknader som fører til helseskade. MDG vil difor ha langt sterkare tilsyn med og vern mot utslepp av miljøgifter enn det vi har i dag. Førre var-prinsippet må leggjast til grunn, og forbrukarinformasjonen må betrast. Vi vil auke ressursane til psykisk helsevern, slik at alle med psykiske sjukdomar får tilfredsstillande behandling og oppfølging. Dette gjeld også om tilstanden er knytt til eit rusproblem.

Førebygging av rusproblem og psykiske sjukdomar må prioriterast høgare slik at slike pasientar ikkje blir stigmatisert. Vi vil leggje til rette for at personar med redusert arbeidsevne kan få jobba med tilpassa, meningsfullt arbeid.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- Sikre permanent plass på sjukeheimen for alle som har behov for det..
- Sikre tilbod om meningsfulle aktivitetar og kontakt med andre delar av samfunnet for pasientar i institusjonar.
- Bruke velferdsteknologi for å auke tryggleik og livskvalitet.
- Leggje til rette for korttidsopphald på sjukeheimen for dei som treng plass i kortare periodar.
- Avgrense talet på faste pleiarar i heimesjukepleia som kvar brukar treng å forhalde seg til.
- Samarbeide med pårørande og frivillige i arbeidet med pleie, rehabilitering og habilitering.
- At det er høg tettleik av fagutdanna tilsette i helsevesenet, og leggje til rette for etter- og vidareutdanning.
- Arbeide for at det blir slutt på bruk av ufrivillige deltidsstillingar, rett til heiltidsstilsetjing innan pleie og omsorg.
- Tilretteleggje for menneske med funksjonsnedsettingar og sjeldne diagnosar.
- Auke bruken av teknologiske løysingar og satsing på brukervennleg velferdsteknologi i det kommunale helse- og omsorgstilbodet.

6.1 SOSIALPOLITIKK OG INTEGRERING

Miljøpartiet dei Grøne er opptekne av å bekjempe ny fattigdom og sosiale skilnader. MDG meiner at det er ei offentleg oppgåve å lette prispresset i bustadmarknaden. Vi vil føre ein politikk som gjer det mogleg for alle å skaffe ein nøktern bustad til overkommeleg pris. Dette skal vere mogleg både for dei som ønskjer å eige, og dei som føretrekk å leige. Miljøpartiet dei Grøne i Sveio vil jobbe aktivt for god inkludering av alle minoritetar i samfunnet, og aktivt motarbeide rasisme og annan form for diskriminering. Vi vil ta initiativ til at Sveio kommune tar sitt ansvar for busetjing av flyktningar.

Miljøpartiet Dei Grøne i Sveio vil:

- Styrke symjeopplæringa for dei som treng det.
- Arbeide for å finna gode løysingar på utfordringar ved språkvanskar og kulturelle

skilnadar.

- Styrke samarbeidet med frivillige organisasjonar i integreringsarbeidet.
- Motverke diskriminering ved tilsettingar, og legge til rette for funksjonshemma.
- Imøtekome behovet for rimelege husvære for personar med særlege økonomiske utfordringar ved å sikre tilstrekkeleg mange utleigebustadar.
- Styrke startlånordninga.